

Informasjon frå KoKom

Nr. 2 - september 2010

Invitasjon til konferanse

”Solakonferansen 2010”

AMK/medisinsk nødmeldetjeneste Nasjonal konferanse

Onsdag 10. november 2010 12.00 - 18.00 og
torsdag 11. november 08.30 - 15.30

Sola Strand Hotel, nær flyplassen i Stavanger

Tilskiparar:

Regionalt akuttmedisinsk kompetansesenter
(Rakos),
Nasjonalt kompetansesenter for legevaktmedisin
(Nklm), og Nasjonalt kompetanseseter for
helsetjenestens kommunikasjonsberedskap
(KoKom).

Nytt om prosjekta ved KoKom

- Kompetanse hjå LV- og AMK- operatørar

KoKom skal bidra med kompetanseplan for
LV-og AMK-operatørar.
Føremålet med kompetanseplanen skal vere å
sikre at den einskilde operatøren har
kompetanse som gjeld kunnskap, haldningar
og fokus på at operatøren er eigna for
arbeidsoppgåvene.
Arbeidet vil bygge på ”Anbefaling for
opplæring og oppfølging av operatørar” frå
2002.

- Utreie underlag for førespurnad om datamoglegheiter i TETRA

Prosjektrapporten:
*Mobile datatjenester utenfor sykehus
2010-2030*
*Beskrivelse av dagens tjeneste og fremtidige
muligheter* -
vart oversendt oppdragsgjevar i juni.

Rapporten skildrar område der mobile
datatenester er blitt tekne i bruk, eller kan

komme til å bli brukt, innanfor medisinsk
nødmeldeteneste dei neste ti til femten åra.
Rapporten har hovudfokus på bruk av mobile
datatenester, men kjem også inn på ein del
organisatoriske forutsetnader for at løysningar
skal kunne implementerast og gje ønskt
verknad.

Forfattarar: Bakke, Laila; Helland, Tor;
Hope, Øyvind og Jensen, Åge.

Les også meir på www.kokom.no - om desse
prosjekta:

- **Gevinstrealisering i Nødnett**
- **Helseradiodatabasen**
- **Medisinsk nødmeldeteneste og
kulturelle minoritetar**
- **Deaf Access 112**
Hovudmålet i dette prosjektet er å
tilpasse ei teneste for døve i Litauen til
nødnummer 112.
- **Lokasjonsbestemte tenester i
nødnett**
Mål: Undersøke om det er mogleg å
lage lokasjonsbaserte tenester i
nødnett.
- **Funksjonelle krav til
oppdragshandteringssystem**
Medisinsk nødmeldeteneste nyttar i
dag AMIS som
oppdragshandteringssystem.
Hovudmålet med prosjektet er å
etablere ein referanseplattform for
produkt som vert utvikla, eller som
vert tatt i bruk som
oppdragshandteringssystem og EPJ i
nødmelde- og ambulanseteneste.

- Handtering av lydlogg

I prosjektet skal det utarbeidast ei tilråding til
nasjonale retningslinjer i form av ein vegleiar
med forslag til rutinar for handtering av
lydlogg. Hovudmålet er å tilstrebe einsarta
handtering av lydlogg i medisinsk
nødmeldeteneste.



Offentleg høyring om eCall

I august vart det kjent at EU-kommisjonen etterspør tilbakemeldingar - også frå framtidige norske eCall-brukarar om korleis ein ønskjer at ei framtidig eCall-løysing skal verte. Gjennom ei offentlig høyring stiller kommisjonen ei rekkje spørsmål, som til dømes:

"Ønskjer du at eCall skal vere obligatorisk, eller frivillig?" og "kor mykje er du, som bileigar, villeg til å betale for å få installert eCall i ditt neste køyretøy?"

Svarskjemaet for høyringa finn du på følgjande nettadresse:

<http://ec.europa.eu/yourvoice/ipm/forms/dispatch?form=eCall>

NB! Svarfrist er 19. september 2010

ECall i Norge

KoKom er har fått i mandat å delta i arbeidet med planlegging av eCall i Norge. Prosjektet er et samarbeid mellom Samferdsels-, Justis- og politi- og Helse og omsorgsdepartementet. Eit forprosjekt vert leia av KoKoms direktør, Egil Bovim.

ECall er anslått å kunne vere i drift rundt år 2014.

Dette er eCall

ECall er eit planlagt europeisk nødanropssystem som skal sikre rask bistand ved trafikkulukker. Tenesta er tenkt å verke slik at ei databoks (svart boks) i bilen automatisk ringer nødnummeret (t.d. 112) ved ulukker, og oppgir bilens posisjon. For å få tenesta til å fungere, må kvar bil må vere utstyrt med ein eigen ekstra mobiltelefon, og nødanropa må bli mottekne i ein døgnopen sentral.

Datatilsynet og andre er skeptisk til om personvernomsyn blir godt nok ivaretatt, og spørsmål som er oppe til diskusjon er om systemet skal vere aktivt til ei kvar tid, eller om ein skal kunne koble det ut manuelt via ein av-og på-knapp.


Målet med eCall er å redusere personskadar og spare menneskeliv

I 2009 vart det i Norge registrert 212 dødsfall som følgje av trafikkulykker.

"87 personer ble drept i møteulykker i 2009 og 80 omkom i utforkjøringsulykker. Dette tilsvarer 78 prosent av alle de trafikkdrepte i 2009. I løpet av de siste ti årene har gjennomsnittlig 102 personer blitt drept i møteulykker, mens 94 har omkommet i utforkjøringer. Hvert år på 2000-tallet har mellom 74 og 78 prosent av alle trafikkdrepte omkommet i en av disse to ulykkestypene". (Kjelde: SSB)

Nytt om staben

Bjarte Almending, tilsett i 20 % stilling, har fått forlenga engasjementet ved KoKom til ut år 2010.



Simulator: I august besøkte styringsgruppa for forprosjektet *Innføring av eCall i Norge*, Bergen. Åge Jensen (KoKom), gjev gjestane ein demonstrasjon av KoKom sin LV-/AMK-simulator.

Redaktør
Anne B. Vassbotn